

---

Saknr: 2020/37649-1  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

---

**Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon internkontroll i Bybanen utbygging**

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av forvaltningsrevisjon internkontroll i Bybanen utbygging til møte i utvalet 08.06.2020.
2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på alle punkta for å få på plass forbetringane.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 18.05.2020.

**Samandrag**

Denne saka er kontrollutvalet si første oppfølging av vedtak gjort i fylkestinget 01.10.2019 av forvaltningsrevisjonsrapport internkontroll i Bybanen utbygging.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon av Bybanen Utbygging.

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

**Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 68/19 i møte 01.10.2019:**

*«På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon av Bybanen Utbygging ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:*

1. *At det vert utarbeidd skriftlege rutinar knytt til:
  - a. *dei ulike oppgåvene som inngår i hovudprosessar for byggetrinn i BU sitt kvalitetssystem, og*
  - b. *dei delane av anskaffingsprosessen der det er identifisert behov for nye/reviderte rutinar.**
2. *Etablere systematiske kontrollar for å undersøke og følgje opp at etablerte rutinar og malar for gjennomføring av sentrale arbeidsoppgåver blir nytta i samsvar med intensjonen.*
3. *Sørge for at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over inntekter i byggetrinn, under dette oversikt over kva utgifter dei ulike involverte aktørane skal betale for, samt rutinar for å berekne dei kostnadar som skal vidarefakturerast og når kostnadane skal betalast inn.*
4. *Evaluer prosessane knytt til inngåing av prosjekteringskontrakt for byggetrinn 4, og gjennomfører analysar av om det i samband med inngåing av denne type kontraktar finst relevant forbetringpunkt det er viktig at BU tek omsyn til i seinare prosessar for inngåing av tilsvarende kontraktar.*
5. *At det vert arbeidd vidare med å løyse utfordringane når det gjeld samhandling med Bane NOR og oversending av relevante anskaffingsrettslege dokument til BU frå dokumentsenetert i Hordaland fylkeskommune.*
6. *Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp vedtak i revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e som lyd slik:

*«vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»*

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke vedlagte notat dagsett 22.01.2020 frå fylkesrådmannen, som inneheld handlingsplan for oppfølging av forvaltningsrevisjon av internkontroll i Bybanen utbygging. Av notatet går fram at det er sett i gang fleire forbetringprosessar for å bidra til forbetring på området. Det går også fram av notatet at lite av forbetringarbeidet er ferdig gjennomført pr. i dag. Vidare går det fram at fleire av tiltaka er tenkt gjennomført i 2. og 3. kvartal 2020.

Sekretariatet registrerer også at det ikkje er sett frist for gjennomføring av punkt 5b i tilbakemeldinga.

På bakgrunn av det som går fram over bør kontrollutvalet be om å få ny skriftleg tilbakemelding på status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet før sumaren 2020. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på alla punkta for å få på plass forbetringane.

Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg tilbakemelding på status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til møte i utvalet 08.06.2020. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på alle punkta for å få på plass forbetringane.